

SKISSEPROSJEKT, FORKLARING

Prosjekt Vinje-senteret landskapsplan	Prosjektleder Alexander Stettin	Dato 02.07.2021
Prosjektnummer 10224204	Oppretta av Tora Grøstad	Rev. 01 21.02.2024
Kontrollert NOALST	Kunde Vinje Kommune	Kontaktperson Anne-Sofie B. Strømme

VINJE-SENTERET LANDSKAPSPLAN

Landskapsplanen for Vinje-senteret er datert 02.07.21, med revisjon 21.02.24. Planen omfattar uteareala rundt Vinje-senteret, Vinjar og den gamle barnehagen der Kyrkjekontoret er no. Målet er å skape ein heilskapleg plan for området, der dei ulike uteareala blir knytte saman, Vinjevatn synleggjort og skogen aktivisert. Etter ynskje frå innbyggjarane, lokale lag, Vinje-senteret og Vinje-kommune skal området bli eit samlingspunkt for bygda og for tilreisande. Det skal vera ein attraktiv stad for fest, leik og rekreasjon. Området skal òg vera ein arena for læring og formidling knytt til eksisterande kulturminne på staden (Gravhaugane og tidlegare aktivitet), arts mangfald, naturfenomen og for andre tema Vinje-senteret ynskjer å sette lys på.

HOVUDGREP

Sweco tilrår å fjerne element som før var meint for å skilje det gamle skulebygget frå barnehagen. Ein søkjar å skape eit samanbindande uterom mellom parkeringsplassane, dei to bygga med kvar sine funksjonssoner og aktivitetsområdet knytt til vatnet. På denne måten knyt ein saman området, samstundes som ein klarer å definere funksjonelle rom for kvar særskild aktivitet. Det må skapast klare visuelle samband og samstundes visuelle avgrensingar for å oppnå denne effekten.

ÅDKOMST OG PARKERINGSAREAL

Åtkomsten frå E134 blir den sama, med innkøyring i vest og aust. Det er lagt opp til to parkeringsplassar, ein for besøkande og ein for tilsette på Vinje-senteret og kyrkjekontoret. Parkeringsplassen for dei tilreisande rommar 44 p-plassar derav 2 HC-plassar. For å opparbeide denne parkeringa trengs berre ei lita opprusting og oppstramming av dagens parkering.

I vest, ved inngangspartiet til Vinjar er det planlagt eit buskfelt som i tillegg til å dele opp området, fungerer som ein hyggeleg velkomst for besøkande. Ei sone med steinheller avgrensar inngangspartiet frå køyrefeltet ytleigare. I Aust blir også innkøyringa pryda, her med eit staudebed da denne innkøyringa fungerer som hovudåtkomsten til området.

Parkeringa for tilsette er plassera nord for kyrkjekontoret. Her er det lagt opp til 15 parkeringsplassar. I tilknytning til det eksisterande reinseanlegget er søppelhandteringa plassera med plass til fire søppeldunkar, pluss matavfall. Ein ny gangveg frå staudebedet opp mot Vinje-senteret sikrar kortare veg for tilsette frå parkeringa. Mogleg denne vegen ikkje blir universelt utforma grunna høgdeskilnaden.

Det blir tilrettelagt for sykkelparkering langs fasadelivet sør for inngangspartiet til Vinje-senteret. Elles er området framom Vinje-senteret nyleg opprusta og blir verande slik det er i dag. Det er også lagt opp til tre andre mindre sykkelparkeringar på området, ei sør for kyrkjekontoret og to sentralt i tilknytning til arenaen.

Det har vore eit problem at bubilar køyrer ned mot vatnet. Dette blir forhindra av ein bom som settast opp heilt øvst ved vegskiljet. Det blir ikkje ekstra markera parkeringsplassar for bubilar, dei får parkere langs etter dei vanlege parkeringsplassane.

PARKDRAG, BLIKKFANG OG SAMLINGSPUNKT FRAMOM KYRKJEKONTORET

Parkdraget strekk seg frå Vinje-senteret ned og rundt kyrkjekontoret. Parkdraget blir knytt saman av eksisterande og nye gangaksar. Hovudgangaksen følgjer eksisterande veg ned til «blikkfanget». Blikkfanget bør vera noko spesielt, kanskje ein skulptur av ein lokal kunstnar? Blikkfanget er strategisk plassert, synleg frå alle kantar. Dette er eit naturleg orienteringspunkt som viser veg til dei ulike funksjonane uteområdet har å by på. Parkdraget opp mot Vinje-senteret har skrånande terreng med utsikt heilt ned til Vinjevatn. På andre sida av hovudgangaksen strekk grøntarealet seg vidare aust mot kyrkjekontoret. Her dukkar den første vegetasjonskollen opp. Dette er den største av fem vegetasjonskollar tilsådd med engfrø. Denne kollen skjermar resten av området frå E134 og fungerer godt som utsiktsplass med gode solforhold. Kollane gir i tillegg ein viss avgrensing mellom kyrkjekontoret og området ned mot vatnet. Alle kollane har maksimal skråningshelling 1:2. Vegetert med eng gjer dei enkle å vedlikehalde da dei berre må slåast ein gong i året. Om vinteren fungerer kollane som akebakkar.

Sør for Kyrkjekontoret er det lagt opp til eit allsidig grønt uteareal som er fint å sjå på frå kontorvindauga. Her er det tilrettelagt for ulik aktivitet, opphald og grilling, med tilrettelagt sykkelparkering. Langs sørveggen av bygget er det planlagt ei større flate med steinheller, noko som går att ved alle inngangsparti. Området sør for kyrkjekontoret kan saman med den større arenaen fungere som eit flott samlingspunkt ved arrangement, som til dømes 17. mai, Jonsokfeiring eller konfirmasjon.

Parkdraget endar i ei sandstrand i bukta av Vinjevatn. Her har vatnet moglegheit for å varme seg godt opp og ettersom det er grunt og fint er det ein ypparleg stad og bade med små ungar. Her må det likevel gjerast ein del tiltak for å gjera området attraktivt og universelt utforma. Innsjøbotnen må mudrast og det må evt. tilførast noko ny sand. Dei grusa vegane som fører til stranda må også vera minimum 1.8 meter breie og ha ei makshelling på 1:15. Området på oppsida og rundt sandstranda må opparbeidast som ei grasslette tilrettelagt for opphald og rekreasjon. Her er det også planlagt nye tre for å gi skugge på varme dagar.

ARENAEN

Arenaen er plassert sentralt mellom Vinje-senteret og kyrkjekontoret, avgrensa av vegetasjonskollen i nord og naturområdet i sør.

Arenaen er tenkt som eit stort opent og fleksibelt areal for konsertar, lek, aktivitetar og ulike arrangement. Grusflata er avgrensa av ei dobbel rekke med smågatestein mot gangarealet som også er grusa. Dette er for å skilje dei to flatene og sikre gangsona.

I nord er vegetasjonskollen med på å avgrense det større landskapsrommet og vil også kunne fungere som ei tribune ved større arrangement. Eit tre og to benkar er også plassert i øvre del av arenaen. I Sør er eit plantefelt med buskar og tre med på å definere rommet. Trea vil også gi noko skugge på solfylte dagar og skjerme mot støy og aktivitet frå arenaen og areala utanfor. I tilknytning til plantefeltet ligg også litteraturøya med benkar og bokskap. Dette vil ikkje vera i vegen for den allsidige bruken av arenaen men vil kunne nyttast som kulisse eller sitjeplass ved høve.

Det er lagt opp til to mindre sykkelparkeringar i tilknytning arenaen, ei mellom amfiet og arenaen som dekkjer øvre delar av uteområdet og ei eit heilt i sør mot naturparken og stranda.

NATURPARKEN

Naturparken ligg sør for arenaen og lagar med sitt naturlege underlag(barkdekke) ein fin overgang til skogen og naturområdet. I naturparken er det tilrettelagt for ulik aktivitet som kan utfordre store og små. Sandleiken ei større sandkasse innramma av ein trebenk og ligg plassert i tilknytning gangaksen mot stranda, skjerma med eit plantefelt i bakkant. Hoppeleiken er trampolinar felt inn i bakken og større og mindre hoppekular. Balanseleiken er bygd opp av treelement. Dette kan vera vipper, balanseliner og stokkar i ulike dimensjonar. Klarer ein og balansere heilt bort til skogkanten kjem ein til ei trerampe som viser veg opp i tretopphytta. Herifrå har ein utsikt til dei store fjella, Ormeggine, på andre sida av Vinjevatn. Trehytta er belysa nedanifrå på kvelden og kan vera eit spennande arkitektonisk syn.

AMFIET

Amfiet er tenkt som ein formidlingsarena tilknytt Vinje-senteret. Staden tar utgangspunkt i det vesle steinamfiet som ligg på staden i dag. Steinane blir atterbrukt og stramma opp i forma som avgrensing til den sirkulære oasen. På andre sida av amfiet lagar stadtilpassa benkar og større blokksteinar ein spennande og variert sitteoppleving. I amfiet kan ein til dømes ha mindre framsyningar, teater og vekslende installasjonar.

SØYLEGANGEN

Under kontorfløyen til Vinje-senteret, på baksida av bygget mot gravhaugane fungerer ein søylegang som bærande konstruksjon. Denne søylegangen kan bli eit spennande uterom. Her er det ikkje teikna ut noko enda, men ein idé kunne vore å laga ein skate- eller parkourplass som kan kombinerast med ein spennande lysinstallasjon. Uterommet kan også freiste til arrangement utanom det vanlege.

TURLØYPENE

Frå blikkfaget går gangvegen over i to ulike turløyper. Den eine, nærløypa, er tenkt universelt utforma, medan formidlingsløypa har eit naturlegare preg og går i til dels bratt terreng. Begge løypene er gruslagt.

Formidlingsløypa går nordover og følger meir eller mindre reguleringsplanen langs Vinjevatn. Langs løypa kjem ein til ulike formidlingspunkt som er atterkjenneleg utforma med barkbelegg, benkar og informasjonstavler. Medan ein har punktvis utsikt til fjella går ein forbi gamle, karakteristiske furutre. Når turvegen delar seg, kan ein velje å gå vidare mot Jordivegen eller følgje formidlingsløypa vidare opp langs skoggrensa, forbi sumpområdet og opp til gravhaugane før ein kjem tilbake til blikkfaget via søylegangen.

Nærløypa er breiare og slakare utforma. Den går sørover forbi båtbyggja ned til den andre badeplassen og opp att til Arenaen. Denne løypa er lysa opp om kvelden og har sittebenkar i god avstand til kvarandre.

Badeplassen er plassert i ei sørvendt bukt som på synfaringa såg ut til å egne seg godt til formålet. Ei bryggeplattform strekk seg frå turvegen ut i vatnet og skjermar sandstranda saman med trea, for den verste vestavinden. Badebyggja er indirekte belyst om kvelden.

TURVEG VINJESTOGA

Det var også eit ynskje om å opparbeide ein betre og trafikksikker overgang til markeringsstøtta for Aasmund Olavsson Vinje på andre sida av E134 og ein turveg til Vinjestoga. Ettersom reguleringsplanen legg opp til ein gang- og sykkelveg på sørsida av E134, og grunneigar har lagt inn ynskje om å følgje dagens køyreveg mot Vinjestoga, er det denne traseen som vil bli nytta som tursti mot Vinjestoga. Turstien vil dermed ikkje gå forbi Vinje-bautaen. Eit alternativ kan vera å lage ein overgang til bautaen som vist i planen, om ikkje markeringsstøtta finn ei betre og meir passende stad i framtida.

SIKTAKSAR

I dag er korkje vatnet eller fjella synlege frå Vinje-senteret eller vegen på grunn av tett skog i eit tjukkare belte rundt vatnet. I landskapsplanen er det lagt opp til ulik tynning av skogen for å skape siktaksar retta ulike kjennemerke i landskapet; Vinjestoga, fjella eller badeplassen. I siktaksane skal nesten alle tre fellast, berre utvalde, finare tre får stå. Botnsjiktet må gjevast ein tiltalande vegetasjon, som krev årleg stell. I skogen mellom siktaksane skal det også tynnast, men her er det først og fremst grantrea som skal fellast for å lette skogens framtoning. Botnsjiktet haldast naturleg.